



Harald Romarheim
Lurevegen 601
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/7733 - 22/89845

Saksbehandlar:
Mette Robertsen
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:
24.11.2022

Fortsatt mangler ved søknaden - gbnr 155/64 Monstad (Vollom)

Tiltak: dispensasjon - ny einebustad med carport
Byggjestad: Gbnr: 155/64
Tiltakshavar: Harald Romarheim
Ansvarleg søkjar: Seim Bygg As

Kommunen syner til søknad om tiltak på gbnr 155/64 motteke 25.10.2022 og etterfylgjande førespurnad om komplettering av brev datert 24.11.2022.

Søknaden har framleis manglar, og kommunen ber om følgande supplerande dokumentasjon:

1. Viser til vedtak som gjeld utvida bruk av avkøyrsløse til kommunal veg, datert den 21.07.2021. Løyve er gitt på vilkår, og i vedtaket står det mellom anna at det er krav om 4x45m sikt, samt at det vert sett som krav i løyve at dette skal vere teikna inn i situasjonsplan. Siktzone skal vere rekna frå kant kommunal veg.

Administrasjonen ber om at revidert situasjonsplan med påteikna siktelinjer ved avkøyrsløse til den kommunale vegen vert sendt kommunen.

For ordens skyld nemnes at det i dag også vert sendt dykk kopi av brev til Alver kommune Samferdsel veg,- vatn,- og avløp forvaltning. Tiltaket krev dispensasjon frå avstandskrav på 15 meter mot den kommunale vegen, og skal handsamast etter veglova. Søknad om dispensasjon frå avstandskravet mot kommunal veg vert handsama ved vegavdelinga i kommunen, og revidert situasjonsplan med påteikna siktelinjer vert ettersendt til sakshandsamar hjå dei.

Me gjer merksam på at endeleg vedtak i saka ikkje kan gjerast før vedtak etter veglova ligg føre.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 22.12.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennlig helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Mette Robertsen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Harald Romarheim
Seim Bygg As

Lurevegen 601
Nesbrekka 28

5912 SEIM
5912 SEIM